



**Ein solid kontingent på minst 10 uskedingar har dei siste dagane vore på Gran Canaria og mellom anna opplevd eit tradisjonelt norsk arrangement ikveld som gjorde sterkt inntrykk.**

**Truleg var det over 1000 til stades utpå kvelden i Arguineguin der ikkje minst trekkspillklubben fra Lindesnes gjorde inntrykk med konserten sin. Klubben består av rundt 40 musikarar.**

Det er den norske klubben som står bak arrangementet som går føre seg i parken ved den katolske kyrkja. Presidenten Oscar Ingebrigtsen frå Stord ynskte velkommen. Han er far til til Per Ivar Ingebrigtsen som driv kvitevarereparasjon i Molloygget i Uskedalen,

Det var høg stemning og deltaking også av andre kor og grupper melder våre medarbeidarar Kristian Bringedal og Thor Inge Døssland, Utlodning og rikeleg servering inngjekk sjølvstakt i opplegget.

Trekkspelklubben var på arrangementet også i fjor og inngjekk i ein imponerende mønstring frå den sørligaste kommunen i landet. 460 frå Lindesnes var på plass og 2 charterfly og 90 plassar ellers måtte til for å få alle nedover.

I fiskerlandsbyen Arguineguin bur det mange nordmenn og Norge set eit sterkt preg på staden med sjømannskyrkja, skule, helsesenter, legesenter og klubben. Den siste gjer ikkje minst mykje i vinterhalvåret med tilretteleggjing av aktivitetar.

På bileta møter uskedelingane trekkspelarane frå Lindesnes.

Foto: Frode Sæbø

Tekst: Ola Matti Mathisen



← [Tilbake](#)